



Nils Inge Titland
Storhaugen 33 A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1860 - 19/35027

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
27.11.2019

Etterlyser ferdigattest for tilbygg - gbnr 123/140 Risa

Lindås kommune viser til vedtak om løyve til tilbygg til bustad datert 12.03.2014, sjå vedlegg.

Søknadspåttige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdig ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at du melder tilbake om det.

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet gått ut og du må søkje på nytt etter gjeldande regelverk.

Frist for å søkje om ferdigattest/ melde tilbake om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 17.12.2019.

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdig og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til etablering av tilbygg på gbnr 123140 Risa
5167-soknad-om-ferdigattest



Mottakarar:
Nils Inge Titland

Storhaugen 33 A 5955

LINDÅS